

## Referat frå møte i geitegruppa den 21.09.2016 kl 1045 på FK Skei

Desse møte: Jo Risløv, Ragnvald Søgnesand, Vidar Sandal, Ingolf Folven og Sigurd Vikesland.

- Sak 8/2016      Aktuell informasjon frå deltakarane  
Jo Risløv: Statuttane for beste geit vart vedtekne av styret i SFSG, med ei lita endring. Statuttane er lagt ut på heimesida til SFSG.  
Ingolf Folven – Rådgevingande gruppe Geit (Tine): Avgift på levering av mjølk i leveringsfri periode.  
Vidar Sandal og Sigurd Vikeland: Geitedagane 2016. Vidar utfordra styreleiar Trond Reierstad på sal av geitemjølksprodukt.
- Sak 9/2016      Geitehelg 2016  
Det vart utarbeidd eit førebels program og tidsskjema. Alle førelesarane må avklarast før utsending av programmet.
- Sak 10/2016     Mjølke kvalitet  
Bactocount – deltakarane meiner at det er litt for få resultat som er publiserte til bøndene. Enkelte geitebønder har ikkje fått analyseresultat for bactocount i det heile. Det vert ikkje gjort noko meir med dette frå geitegruppa si side no, då me allereie har sagt meininga vår gjennom høyringssvaret til nytt regelverk for kvalitetsbetaling.
- Sak 11/2016     Geitefilm  
Det lukkast ikkje å kopiera filmopptaka frå DVD-en me fekk. Jo og Ragnvald har sett gjennom klippa på DVD-en. Det må avklarast kva ein vil med ein slik film, og kva som trengst å gjerast. Me må sjå på sauafilmen for å sjå kva som vart gjort der. Me har nok klipp til ca 5. min film.
- Sak 12/2016     Ymse  
Det var ingen tema under denne saka.

Jo Risløv  
- referent -